

Soknerådsmøte i Moster sokneråd(avtroppande)

tysdag 22.10. 2019

Desse møtte: Gunnvald Bjotveit, Inger Marie Gjerde, Elin Taranger, Per Harald Gjerde, Mona Ingvaldsen Hodne, Sigurd Totland, Magnhild Nøstbakken, Bente Røyrvik og Aksel Lygre.
Rune Sivertsen kom kl. 18.40

Sak 88 – 2019 Godkjenning av innkalling og av møtebok av 24.09.19.

Innkalling og møtebok må sendast som word-dokument, elles ingen merknader.

Sak 89 – 2019 Oppfylging av tidlegare saker.

- Moster kyrkje vert 150 år i 2024, - info Per Harald og Aksel ad komité. Det vert tatt opp som sak på neste soknerådsmøte. Komiteen er på plass og skal ha sitt første møte i november.
- Temakveldar hausten 2019 er på plass, -også med kyrkjevertar, og datoar våren 2020: 30.januar; 26.februar – forbønsgudsteneste/oskeonsdag; 19.mars; Øyvind Benestad frå Morfarbarn.

Sak 90 – 2019 Kvartalsrapport 3. kvartal 2019.

Kvartalsrapporten vart gjennomgått. Tala på framsida er feil og må rettast opp. Ymse tekniske årsaker gjer at den viser eit lite underskot.

Soknerådet vedtek å opprette ny inntektskonto i 86XX-serien til nytt orgel.

Sak 91 – 2019 Giroaksjon til orgel våren 2020.

Vedtak: Vi gjennomfører giroaksjon våren 2020 til inntekt for nytt orgel i Moster kyrkje. Orgelkomiteen førebur saka, og soknerådet gjennomfører aksjonen.

Per Harald
Skrivar

Møte med nytt sokneråd 22.19.2019:

Desse møtte:

Rune Sivertsen (gjekk kl. 20.50), Gunnvald Bjotveit, Elin Taranger, Per Harald Gjerde, Camilla Rubach, Heidi Torkelsen Fagervik, Christian Kallevåg-Bjerke, Gerda Bondø, Karianne Haugland Fimland, Aksel Lygre.

Sak 93 – 2019 Konstituering av nytt sokneråd

Leiar: Rune Sivertsen

Nestleiar: Gunnvald Bjotveit

Kasserar: Elin Taranger

Skrivar: Per Harald Gjerde

Medlemmer, Fellesrådet: Camilla Rubach og Elin Taranger. 1. vara: Per Harald Gjerde, 2. vara: Rune Sivertsen.

Sak 94 – 2019 Informasjon til nytt sokneråd

- Saker som må fylgjast opp. Nye medlemmer kan også gjerne lesa siste referata.
- Kyrkjevertliste – info ved Mona og Elin.
- Lyd og bilete – info ved Mona og Elin.
- Estlandskomite – info ved Aksel.
- Gudsteneste 24.11. – takka avtroppande SR, presentera nytt. Info ved Aksel.
- Orgelkomité – info ved Gunnvald og Mona.
- Bønemøte før gudstenesta – info ved Aksel.
- Aksjon for Kirkens Nødhjelp.(konfirmentar)
- Offerliste for 2020 må opp som sak på neste soknerådsmøte.
- Opplæring for nye sokneråd 12. november kl. 17.00 på Grand Hotell. Felles køyring frå Gassasundet kl. 16.30

Sak 95 -2019 Komitear og utval.

Kyrkjemusikalsk utval. Diakoniutval. Trusopplæringsutval. Komite for temakveldar.

Ungdom og rekruttering – felles utval for dei fire sokna på Bømlo.

Vedtak: Før neste soknerådsmøte spør me sitjande utvalsleiarar om dei kan spørje sine medlemmer om dei vil halda fram. Forslag til nye namn vert lagt fram på neste møte, dersom nokon svarar nei, er forhindra m.v. Aksel kontaktar utvalsleiarane.

Faste medlemmer og alle varamedlemmer vert innkalla til neste soknerådsmøte den 26.11.19

Sak 96 – 2019 Møtedagar for soknerådet hausten 2019 og våren 2020.

Vedtak: møtedagar 2019: 26.11; 10.12;

2020: 14.01; 18.02; 24.03; 21.04; 12.05; 16.06. AU (arbeidsutval) vert halde ca 1 veke før soknerådsmøte, ved leiar, nestleiar og prest.

Sak 97 – 2019 Fastsetting av dato for stor kyrkjekaffi til våren:

Den 16.02.20 (Tårnagentgudstenesta)
Ei gudsteneste i juni

Kyrkjekaffiansvarleg: Elin spør Berit.

Sak 98 – 2019 Referat og meldingar

- Frå fellesrådet(har ikkje vore møte sidan sist.)
- Frå orgelkomiteen: (Skal ha møte den 06.11.19)
- Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre

Per Harald Gjerde
Skrivar